

# Fredlause sambygdingar

AV THOR THORSEN

Frå «Visa om Aanund Gangsei» og frå Bakkans trilogi kjenner vi tre fredlause sambygdingar. Aanund Gangsei var fredlaus i 16 - 17 år, Inger Tverrstøy og Knut Mjåvasstøy i vel 30 år (1705-36). Inger og Knut blei dømde til døden ved halshogging. Domen fall på Gjøvlands tinget, men då hadde dei to rømt. Aanund blei fanga og dømd til døden av Bratsbergfuten i første eller siste halvdel av 1800-talet. (Forskarane er usamde om dateringa). Bakgrunnen for dødsdomane er svært ulik. Enkemannen Knut skulle ha barn med svigerinne si, Inger. Ho aborterte, men forholdet kom for dagen. «Lejermælet» var brotsverk etter Christian 5.s lov av 1687, for dei to var inngifte. Med Aanund var det annleis. Han var dobbeltmordar, nærpå trippelmordar. I fyll, bråsinne og slagsmål hadde han hogge ned to menn, første gongen jamvel ein sakeslaus person. Den siste han prøvde å take livet av, var sjølvaste Bratsbergfuten.

Var så dei fredlause jaga vilt? Ja, etter lova var dei det. Det var inga straff for å take livet av dei, men det var lovbrotna å hjelpe, verne eller løyne dei. Dei fredlause skulle vere utstøytte frå samfunnet, heilt utan rettsvern. Men det var heldigvis langt mellom liv og lære. Sagaen om dei fredlause sambygdingane våre fortel mykje om folks rettskjensle og hjelpsemd. Fislartutar fanst nok, den gongen som i dag, men dei var unnatak.

Solidaritet var grunnholdninga, og derfor var det mogleg for dei fredlause å klare seg. Rett nok var folk i den tida flinke til å nytte ut det dei fann ute i naturen, både bær og urter, fisk og vilt. Og husly fanst i buer og på støylar. Likevel kunne knapt rømlingane ha klart seg utan bygdefolks hjelp. Og hjelp fekk dei, både mat, klede og reiskap. Hadde folk vendt dei ryggen, eller endå verre: spionert på og jaga dei, hadde dei vore ille ute.

Vi kan lett forstå at folk gjerne ville hjelpe Inger og Knut. Domen over dei måtte verke meiningslaus, den gongen som idag. Dessutan braut både konge og høge embetsmenn lova. Dei heldt seg nemleg med friller. Skildringa av Inger og Knuts vandringsår er nok dikting, men detaljane i dette bildet av hjelpsemd og samhald er historisk korrekte. Men kvifor hjelpe den drikkfeldige, bråsinte slåsskjempa og øksemordaren Aanund? Visa fortel ein del om det; kulturhistoria vår fortel resten. Dei ulike oppskriftene av visa fortel det same, nemleg at Aanund i lange periodar må ha budd heime på Gangseid trass i fredløysa. Då dødsdomen fall, sa nemleg Aanund: «kona hev'e smaaborni two, det tridje under sitt belte.» I Rikard Berges restituerte tekst klagar Aanund over at folk vende han ryggen: «Ingin torde gjeva meg mat,/ og ingin torde laane meg hus.» I Landstads tekstu finst ikkje denne klaginga, og så ille var det nok ikkje heller. Eg trur helst denne sytinga er ein forfattarkommentar. Visa

skulle syne kor ille det gjekk folk som Aanund. Visa skulle skremme folk frå fyll, slagsmål og drap, etter mi meining. I alle fall ser vi at Aanund går omkring godt væpna med knivar og handøks, og at han gjerne vil vere i alle dei gjestebod som finst, for der er det øl i tonner. På Ofte går han inn i stova endå Bratsbergfuten sit der inne. Landstad kommenterer dette slik: «Der var et Fæsterøl på Ofte den Dag og mange tilstæde, siges det. Det sees heraf med hvilken Dristighed de Fredløse trod-sede Loven.» Og Andreas Tveit har meir å fortelje: «Paa ein kolle vestanfor garden Felli i Treungen ligg ein heller som ber namnet Vandringshelleren.» Segna fortel «at her heldt seg ein fredlaus mann, Aanund Gangsei. Ein knatte som ligg like ved Felligjordet heiter Skórknuten, og ei skór heiter Matskór. Der henta denne Aanund maten som dei bar til honom.»

Aanund fekk altså hjelpe endå han var dobbeltmordar. Synest vi det er underleg, får vi sjá det gjennom historiske briller. Fyll, slagsmål og jamvel drap var ein del av bygdelivet på 1600- og 1700-talet. Konene bar likskjorta med til gjestebod, fortel Landstad. Og fram til 1687, då den nye lova kom, var ikkje mord sett på som eit særleg grovt brotsverk. Mordaren kom unna det med ei bot. Tanken var at mordar kunne dei fleste bli i fyll og slagsmål. Ja, noko vanta om eit gjestebod ikkje ført til eit skikkeleg slagsmål, syntest mange. Ei soge frå Telemark seier litt om holdninga i tida: Ei gamal kone likte ikkje bibel-historiene, for det fanst ikkje «bardage» (slagsmål) i dei. Og Landstad klagar over at prestane har hatt eit hardt skal å bryte.

Med lova i 1687 blei det dødsstraff for alle mord som ikkje var gjorde i sjølvforsvar, men holdningane endra seg nok ikkje like raskt. Ut frå ulike samtidssforhold kan vi lett forstå at bygdefolk også hjelpte Aanund. I «Gangseivisa» stig bygda vår fram med samlivsformer som vi ville ha teke avstand frå i dag. Bygdemiljøet synest å vere prega av fyll, slagsmål og drap - frå barsøl til gravøl. Men dette er ikkje heile sanninga. Kjeldene fortel også om ei sterkt rettskjensle, ei klar rettsoppfatning - og ikkje minst om dei fredlause sambygdingane våre.

Dei fredlause på 1600 - og 1700-talet møtte nok om lag same omtanke frå bygdefolket som motstandsfolk møtte i krigsåra 1940-45. Derfor kunne Engvald Bakkan overføre okkupasjonshistoria til trilogien frå 1700-talet. Det går lange liner gjennom bygdesoga vår, liner som syner nestekjærleik midt i den mørke villskap. Landstad kalla det den sunne kjernen innanfor det harde skalet.

## SKOGGANGSMANNEN ÅNUND GANGSEI.

På Gangsei-garden i Gjøvdal budde det kjempekarar i gamal tid. Desse karane var velkjende i vide krinsar for kreftene sine, og fleire av dei kom i mannskade og vart lyste fredlause. Folk kalla dei Gangseihælane av di dei hadde så lange hælar.

*Vi du vite om Gangsei-hælane,  
so ska du her dei finne,  
dei skjefter klubbur på lange  
stakar og skyt inn fyri di bringe.*

Mest vidgjeten er truleg Ånund Gangsei som levde tidleg på 1600-talet. Om Ånund er det sagt at han hadde eit veldig og ustyrleg temperament. Han vart drapsmann to gonger, og blei truleg avretta etter ein krangsel med sjølve futen i Vest-Telemark.

Då hadde Ånund vore fredlaus og levd som skoggangsmann i 17 år, skal me tru den såkalla Gangsei-visa. Denne visa har ikkje mindre enn 43 vers og fortel den dramatiske livssoga til Ånund. Ho kan vere dikta av Åmli-presten Laurits G. Lind.

Første gongen Ånund Gangsei kom i mannskade var på Felle i Treungen, der Gangsei-karane hadde slekt og vene. Det var den gongen Herbjørn Felle heldt festarøl for dotter si og festarmannen Tallak Eikås frå Vegårshei. Med i laget var og ein Gisle Knutson Katerås, som truleg hadde eitkvart uteståande med Ånund. Gisle nytta ufine ord om Ånund, og gav seg ikkje sjølv om han fekk ei åtvaring. Til slutt gjekk Ånund ut etter handøksa si, og då han kom inn att var han så uheldig å møte feil mann. I den mørke gangen hogg han ned Tallak i staden for Gisle. Og av di drap på ein nær frende vart rekna som nidingsverk, vart Ånund dømd fredlaus. Han laut røme til skogs. I Gangsei-visa heiter det at han låg i heiane i åtte år.

*I Gjevardalen der er eg fødd,  
i Åmlibygd fekk eg mi gifte.  
Herre Gud nåde meg arme mann,  
eg kom i so tung ei ulykke  
Herre Gud nåde meg arme mann,  
eg hogg og ikkje kjende,  
eg hogg Tallak av Eikjarå,  
han var min nærskyldre frende.*

Då åtte år var gått, våga Ånund seg ned til Sigridnes. Der vart han ønskt velkommen av bonden på garden, Olve heitte han. Men til all ulykke var Gisle Knutson au på vitjing nett då. Ånund og Gisle kom i krangsel igjen, slik dei gjorde det åtte år tidlegare, og på nytt vart Ånund «offer for sitt store mod».

Krangelen enda med at Ånund sette kniven i hjarta til Gisle, og slik vart han drapsmann for andre gongen og måtte på heia igjen. Han farta så vide ikring, men fekk nok hjelp av folk som tykte synd i han. I Øvsttveitmarka i Skrikedalen stod det lenge ei gran med 77 krossar - ein kross for kvar gong Ånund hadde fått mat av folka på garden. Og i ein knatte på Fellejordet er det framleis ei skór som heiter Matskór. Der brukte Felle-folket å setje ut mat til skoggangsmannen.

Etter nye ni år på heiane kjende Ånund seg trygg og tok seg ned til garden Ofte i Høydalsmo. Men der møtte han futen. Futen kjende drapsmannen att, og ville setje han i fangeholet. Ånund ville då gå laus på futen, men kona på garden, Øli Ofte hadde lurt frå han våpna, og dermed vart Ånund Gangsei arrestert og seinare truleg avretta for misgjerningane sine.

(Ø.Bjorvatn i Agderposten)

Meir om temaet:  
Jol i Åmli 1992,  
Side 32 – 34.

## OPPGÅVER.

1. Når tid levde Ånund Gangsei?
2. Kven har truleg dikta visa om han?
3. Kva for ugjerningar hadde Ånund gjort?
4. Kva vil det sei å bli dømt *fredlaus* ?
5. Kor lenge vandra Ånund fredlaus i skogane?
6. Korleis gjekk det med han til slutt?

